

Det skjer stadig noko i Ospelunden.

07.10.2015



Stadig fleire vil oppleve utsikten frå Ospelunden. Den er vakker sjølv på ein gråversdag!

Dei siste åra har det vore gledeleg stor aktivitet i Ospelunden byggefelt. Ekstra gledeleg er det at dette ser ut til å halda fram, og det skjer framleis mange gode ting tilknytta dette store byggefeltet. Innimellom dette vert det arbeid med byggjesteg 2, og tomtar i denne delen av feltet er no lagt ut til førehandssalg.



I går starta gravinga til ein ny einebustad.

I går starta gravearbeidet på tomte der einebustaden til Jan Nordli og kona frå Odda skal koma. Det er G. Røsseland Entreprenørforretning AS som står for arbeidet. Denne skal etter planen vera innflyttingsklar til 1.mai neste år. Siste leilegheten i tomannsbustadene vart det nyleg skrive salgskontrakt på. Det er ein utflytt uskedeling som er kjøpar, og som no altså flyttar heim att til bygda.

Oddbjørn Kroka i Ospelunden fortel elles at dei akkurat no får teikna ein tre-mannsbustad som det skal søkjast byggjeløyve for. Han kan også fortelja at dei no arbeider med byggesteg 2 som har i overkant av 30 tomtear. Desse er no lagt ut til førehandssalg på finn.no.

Den gode aktiviteten i feltet betyr mykje for utviklinga i bygda. Det er ikkje tvil om at den nydelege utsikten er sterkt medverkande til den store interessa for feltet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.